

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1971

Navnet på vatnet Lima vatnet  
Kommune ..... Gjesdal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## L I M A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 17. august 1971.

Vatnet ligg i Gjesdal kommune, ikkje langt frå Ålgård og grensar i nord og vest for ein stor del etter riksveg 45 mellom Ålgård og Oltedal. På sørsida går vegen til Gjesdal ikkje langt frå vatnet.

Arealet er snaut 220 ha og h.o.h. 102 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men då vatnet er såpass stort vil djupnetilhøva vera vekslande. Her er store grunnlendte partier og vikar nær land, men sikkert ganske djupt på sine stader utpå.

Stranda består for det meste av stein, med ein del sandstrand og dyrka mark sume stader, som går over til gjørmebotn mot djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, nøkkeroser, flotgras, div. sivplanter, algevegetasjon m.v. vil ein finna i vatnet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, kultur- og naturskog, myr og snaufjell.

Hovudtilsiget fell inn i aust i "Kyrkjevika" og vidare fell der inn eit større tilsig i nord-aust som kjem frå øvre og nedre Bergsvatnet, Bjortjørna m.fl. Forutan desse fell der inn fleire større og mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i sør-vest ved "Vaula Bru" og går til Edlandsvatnet.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 5.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 7.0 som er nokså uvanleg i dag. Dette er heilt ideelt for aure.

Innhaldet av kalk ( $\text{CaCO}_3$ ) er 2.3 mg/l og den totale hardheita 5.5 mg/l. Dette er bra i høve til mange andre analyserte vatn.

Leiingsemna  $K_{18} = 51.5 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart der funne 9 iglar, 1 vårflugelarve, 1 vannmidd, 30 muslingar, 5 skivesneglar, 20 fjærmyggelarver, 3 fåbørstemark, 1 fjærmyggpuppe og 1 døgnflugelarve - i alt 710 individ pr. m<sup>2</sup>.

5.0 meteren gav som resultat 1 vann-nymfelarve, 3 muslingar, 3 vårflugelarver, 1 vannkalvlarve og 9 fjærmyggelarver - tilsaman 170 individ pr. m<sup>2</sup>.

På 10.0 m vart der funne 7 fjærmyggelarver, 1 ringorm og 1 vårflugelarve - samla 90 individ pr. m<sup>2</sup>.



Samla resultat syner at der er relativt bra med næringsdyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 4 fiskar og her vart det funne stingsild, fjærmyggpupper, buksvømmere, fjærmyggelarver, muslingar og sneglar.



#### Planktonprøver.

#### Fisk m.v.

Det vart sett ut 14 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 41 aurar og 33 sik. Fordeler vi fangsten på omfara, får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar, vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 31 aurar og av desse var 21 røde, 5 lys-røde og 5 kvite i kjøttet.

Vidare var der 12 hanfiskar og 19 hofiskar.


4 av fiskane var svakt angripne av parasittar.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fra av oppstillinga nedanfor:

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4.8	9.7	15.7	21.3	25.0	28.7	32.5
Årleg lengdetilv. i cm	4.8	4.9	6.0	5.6	3.7	3.7	3.8
Antall fiskar	31	31	31	31	22	5	2

Medel kondisjonsfaktor 1.10 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Set vi opp ein vekstkurve for fisken i Limavatnet og samanliknar med normalkurven for Vestlandet ( 5cm pr. år ) vil denne sjå ut som synt nedanfor.



Som vi her vil sjå, syner fisken i Limavatnet stort sett ein bra lengdetilvekst. Det oppsvinget som kurven gjer ved 5 års-alder skuldast berre få fiskar, så det er neppe representativt for all auren i Limavatnet. Det er meir sansynleg at den forlenga lina frå 5 års alder er meir rett, og at fisken går mot ei maksimallengd på ca. 30 cm. Der vil sjølvsagt finnast ein del fiskar som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse.

Dette er fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernæra seg av yngel og småfisk.

### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at Limavatnet er eit av dei betre fiskevatna i fylket og der tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon.

Vasskvaliteten ser ut til å vera mykje god og faunaen relativt rik.

Omfar og cm- inndelinga syner at mange årgangar og fiskestorleikar er å finna.

Vekstkurven er og stort sett bra.

Det er som kjent nedslagsfeltet som i stor mon er avgjerande for næringsdyrproduksjonen og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn. Består dette for ein del av kultivert mark m.v. vil tilsiga herfrå alltid føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode.

Nedslagsfeltet for Limavatnet må seiast å vera bra, då her er mange gardsbruk m.v. som grensar mot vatnet, men det er mykje viktig å sjå til at ikkje tilsiga fører ymse forurensande stoff med seg. Fåren for dette vil alltid vera tilstades ved slike vatn. Ennå er der sikkert ingen fåre i så måte, men ein må alltid ha dette for auga.

Når fiskekvaliteten er så god i Limavatnet kjem nok dette av at der årleg blir drive ein del garnfiske her. Dette hjelper då sjølvsgt til med å halde bestandet i sjakk.

Etter det vi har fått opplyst skal der vera røyr i Limavatnet. Det lukkast ikkje oss å få dette fiskeslaget i det heile, men det var heller ikkje så rart då røyra til vanleg held til i dei djupare vasslaga og helst kjem opp ved gytetider, seinhaustes.

All siken vi fekk var feit og fin, og av mykje god kvalitet. Gytetilhøva for auren er gode.

### Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag for vatnet, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna står på.

Fisket må drivast omlag som før, då fiskebestandet i dag ser ut til å vera nokonlunde bra avpassa etter næringsforrådet.

Så snart grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Limavatnet ligg lageleg til på alle vis og byd på fin fisk, så det var sikkert ikkje få som ville prøve fiskelukka si nettop her. Ein båt eller to for utleige burde grunneigarlaget hatt.

Elles er her ikkje så mange praktiske tiltak å peika på. Det viktigaste må vera å få skipa til grunneigarlaget slik at grunneigarane kan få innkome av stangfiske i tillegg til det som garnfisket måtte gi.

Stavanger 13/3 1972

Einar Berg